

Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg

Frå ein komité nedsett av Universitets- og høgskolerådet

1 Forord

Denne rapporten er eit resultat av eit initiativ frå Universitets- og høgskolerådet (UHR) om å utarbeide eit framlegg til ein nasjonal språkpolitikk for universitets- og høgskolesektoren. Styret i UHR gav i møte 29.08.05 leiaren for UHR fullmakt til å oppnemne ei arbeidsgruppe for dette. Arbeidsgruppa vart oppnemnd i november, og gruppa møttest første gong i desember. Gruppa har hatt fire møte. Arbeidsgruppa har vore i Danmark, der professor John Kuhlmann Madsen orienterte om arbeidet med ein språkpolitikk for dei danske universiteta. Arbeidsgruppa har òg vore i Nederland, og samtalt med forskarane C.B. Perridon og Renee Westenbrink om språksituasjonen på universiteta der.

Arbeidsgruppa har bestått av rektor professor i nordisk språkvitskap Ernst Håkon Jahr (Høgskolen i Agder), prorektor professor i biologi Anne Gro Veia Salvanes (Universitetet i Bergen), prorektor professor i nordisk språkvitskap Inge Særheim (Universitetet i Stavanger), professor i fysiologi Lars Walløe (Universitetet i Oslo), professor i nordisk språkvitskap Helge Sandøy (Universitetet i Bergen), førsteamanuensis i nordisk språkvitskap Agnete Nesse (Høgskolen i Bodø) og dramastudent Kristina Haugland (Studentenes Landsforbund). Rådgjevar i UHR Rachel Glasser har vore observatør. Arbeidsgruppa har vore leia av rektor Ernst Håkon Jahr. Sekretær for arbeidsgruppa har vore høgskolelektor i nordisk språkvitskap Gunhild Kvåle (Høgskolen i Agder).

Rapporten har blitt utforma på bakgrunn av følgjande mandat frå UHR:

- ♣ *Arbeidsgruppa skal på oppdrag frå UHR utarbeide framlegg til ein språkpolitikk for universitets- og høgskolesektoren. Språkpolitikken vil kunne fungere som rettleiing med konkrete tilrådingar for institusjonane.*
- ♣ *Arbeidsgruppa er tenkt som ein inspirasjon til universiteta og høgskolane sitt vidare arbeid med problemstillingane, og bidra til auka medvit om kva verke språk har både på institusjons- og nasjonalt nivå*

Samisk er ikkje berre eit offisielt språk i Noreg, men også undervisningsspråk ved ein av institusjonane i universitets- og høgskolesektoren. For Samisk høgskole vil utfordringane i språkspørsmålet naturlegvis vere endå større enn for dei andre institusjonane. Dette utvalet har likevel valt ikkje å drøfte denne problemstillinga sidan dette spørsmålet i liten grad gjeld for dei andre institusjonane i sektoren. Heller ikkje teiknspråket til dei døde er handsama av denne komiteen. Trass i at dette er eit svært viktig felt, har utvalet valt å konsentrere seg om tilhøva knytte til verbalspråk.

Innstillinga er einstemmig.

Kristiansand, Bergen, Stavanger, Bodø og Oslo 07.06.2006

Ernst Håkon Jahr (leiar)

Kristina Haugland

Agnete Nesse

(sign.)

(sign.)

Anne Gro Veia Salvanes

Helge Sandøy

Inge Særheim

(sign.)

(sign.)

(sign.)

Lars Walløe

Rachel Glasser (observatør) Gunhild Kvåle (sekretær)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

1 Forord	2
2 Overordna språkpolitiske retningslinjer.....	4
Samandrag av tilrådingane i rapporten	5
3 Utdanning.....	8
Språk og læring.....	8
Norsk og engelsk som undervisningsspråk	9
Språkkompetansen til undervisningspersonalet i sektoren	10
Andre skandinaviske språk.....	11
Språkval og ulike fagfelt.....	11
Lærebøker	12
Eksamen	13
Norsk fagspråk og akademisk skriving.....	13
Det engelske fagspråket til norske studentar.....	14
Internasjonale studentar	14
4 Forsking	16
Publiseringsspråk.....	16
Institusjonelle forventningar og krav.....	17
Føremål og publikum.....	18
Avhandlingsspråk og forskarutdanning.....	19
5 Formidling og samfunnskontakt.....	20
6 Administrasjon og informasjon.....	21
Administrasjons- og informasjonsspråk	21
Den norske skriftspråkssituasjonen	21
7 Avslutning.....	23
8 Eit utval relevant litteratur	24

2 Overordna språkpolitiske retningslinjer

Utgangspunktet for den språkpolitiske situasjonen er dei norske utdannings- og forskingsinstitusjonane i eit stadig meir internasjonalt vitskapssamfunn. Kunnskapsutviklinga i Noreg strekkjer seg langt vidare enn grensene for det norske språket, noko som har skapt behov for ein språkpolitisk strategi.

Det siste året har det vore fleire hendingar av språkpolitisk interesse for dei norske høgskolane og universiteta. Språkrådet har lansert rapporten *Norsk i hundre!*, der høgare utdanning og forskning er eitt av feltene som blir diskutert. Ved Universitetet i Oslo har dei språkpolitiske utfordringane allereie blitt sett høgt opp på dagsorden gjennom ein rapport med framlegg til ein språkpolitikk for institusjonen.¹

Språksituasjonen i sektoren er i dag i stor grad prega av diskusjonen om tilhøvet mellom nasjonalspråket norsk og det internasjonale språket engelsk. Universitets- og høgskolesektoren har eit særskilt ansvar for å ivareta norsk kultur, der norsk språk sjølvsagt er eit sentralt element. Som del av det internasjonale vitskapssamfunnet treng ein òg å kommunisere på tvers av språklege grenser, og til det treng ein internasjonalt språk. Engelsk har i dei siste tiåra fått ein stadig sterkare posisjon som *lingua franca* i vitskapssamfunnet, og grip også stadig sterkare inn i det norske vitskapssamfunnet. Sektoren treng altså både nasjonalspråk og internasjonalt språk.

Universiteta og høgskolane er viktige kulturinstitusjonar for Noreg, og språkpolitikken der blir såleis viktig for heile samfunnet. Sektoren har eit viktig ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og nytta innanfor alle fagmiljø.

Eit sentralt tema når det gjeld språkpolitiske omsyn i utviklinga av universitets- og høgskolesektoren, er internasjonalisering. Studentutveksling og gjesteforskarutveksling med utanlandske universitet blir i samband med dette viktig. I Stortingsmelding 27 (2000/2001) *Gjør din plikt – krev din rett* blir det lagt vekt på at internasjonal utveksling er viktig i utviklinga av kvaliteten i utdanningssystemet. Den auka kvaliteten ved internasjonalisering kjem ikkje nødvendigvis av at kvaliteten ute er høgare enn her heime, men av at utvekslinga i seg sjølv og møtet med andre fagtradisjonar og faginnsikter skaper kreativitet og ny innsikt. Auka internasjonalisering er ei uttalt målsetjing i nemnde stortingsmelding, og det blir vidare framheva som viktig at dei norske universiteta og høgskolane held fram med å bygge opp fagtilbod på engelsk. Aukande internasjonalisering i form av studentutveksling vil få konsekvensar for kva språk som blir nytta i undervisninga, slik at undervisningsspråket i aukande grad kan bli engelsk i visse kurs (jf. drøftingar og tilrådingar i kap. 3). Likeins er dei aller fleste forskingsfeltene internasjonale. For at forskinga som vert utført ved norske universitet og høgskolar skal kunne kommuniserast i internasjonale fagfora, må det publiserast på eit språk som alle forstår. I dei aller fleste tilfella vil dette vere engelsk.

Demokrati, formidling og språkbruk er nært knytte saman. Universitet og høgskolar i Noreg har eit politisk ansvar for å halde oppe premissa for demokratiet, slik som å formidle kunnskap til allmennheita og å stimulere den offentlege diskusjonen med innsikter og refleksjonar. At dette skjer på morsmålet, kan ein argumentere for både ut frå

¹ Arbeidet med denne rapporten har gått parallelt med arbeidet til språkkomiteen ved UiO, men byggjer ikkje på innstillinga deira.

effektivitetsomsyn og ut frå omsynet om å nå alle. Norsk språk har eigenverdi som morsmål og nasjonalspråk, det er ei viktig identifikasjonsramme for samfunnet, og det er sentralt for utviklinga av demokratiet. Dei mange morsmåla verda over er likeins viktige. Språkleg og kulturelt mangfald i verda er dessutan ein rikdom for menneska (jf. Telemann & Westman 1997: 9, Trudgill 1991: 68 og Wiggen 1997). Derfor er det rimeleg at universitet og høgskolar har ei oppgåve i å vere med og sikre nasjonale politiske og kulturelle einingar. Sett ut frå den moderne innsikta om samansette identitetar, står ikkje dette i motsetning til internasjonalisering og samarbeid.

På denne måten vil uforminga av ein språkpolitisk strategi måtte balanserast av omsyna til norsk som nasjonalt fagspråk og til engelsk som internasjonalt fagspråk. Eit sentralt og overordna prinsipp blir dermed *parallellspråklegheit*. Særleg norsk og engelsk, men òg andre språk, vil og skal vere nytta av institusjonane i sektoren. Tilrådingane i denne rapporten er retta mot korleis ein kan realisere prinsippet om parallellspråklegheit i praksis. Språkstrategiane dei einskilde institusjonane i neste omgang utformar, bør òg vere retta mot å sikre dette prinsippet.

Samandrag av tilrådingane i rapporten

Dei sentrale oppgåvene til universiteta og høgskolane er undervisning, forskning og formidling og samfunnskontakt. Rapporten er strukturert i forhold til desse områda, med særskild vekt lagd på undervisning og forskning. I tillegg er det også nødvendig å seie noko om administrasjon og informasjon.

Overordna språkpolitiske retningslinjer

- ♣ Sektoren har eit viktig ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og nytta innanfor alle fagmiljø, og institusjonane bør derfor utarbeide språkstrategiar.
- ♣ Institusjonane bør utarbeide språkstrategiar som sikrar parallellspråklegheit, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk.
- ♣ Institusjonane bør utvikle refleksjon kring demokrati, formidling og språkbruk.

Utdanning

- ♣ Undervisningsspråket ved universiteta og høgskolane skal normalt vere norsk. For å oppnå instrumentelle mål om å utvikle kompetanse i engelsk fagspråk hos norskspråklege studentar eller å integrere utanlandsktalande studentar, kan undervisningsspråket også vere engelsk.
- ♣ Undervisningsspråket bør vere norsk dei to første studieåra. Frå og med det tredje året bør det vere opning for bruk av engelsk.
- ♣ Dei skandinaviske språka norsk, svensk og dansk bør vere rekna som likeverdige som undervisningsspråk.
- ♣ I uforminga av ein språkpolitisk strategi bør ein ta omsyn til føremålet med studiet. På generelt nivå bør ein ikkje skilje mellom ulike vitskapstypar eller profesjons/ikkje-profesjonsstudium. I alle studium bør språkpolitikken vere underordna det kulturpolitiske ansvaret til universitet og høgskolar om å halde oppe norsk fagspråk og formidling på norsk.
- ♣ Språkdugleik som del av læringsutbyttet bør takast inn i nasjonale rammeverk for kvalifikasjonar og i institusjonelle planar.
- ♣ Det bør opprettast eigne fagterminologigrupper i universitets- og høgskolesektoren med tilfredsstillande organisatoriske og økonomiske vilkår. Desse gruppene bør òg ha

som oppgåve å halde norsk fagterminologi ved like og å definere norske termar i forhold til internasjonal terminologi.

- ♣ Støtta til utgjeving av norske lærebøker for høgare utdanning bør oppretthaldast og styrkjast.
- ♣ Eksamenssvar bør normalt skrivast på norsk, men ved somme kurs bør studentar som ønskjer det, ha høve til å velje å svare på engelsk. Studentar bør ikkje vere nøydde til å skrive eksamenssvar på engelsk i kurs der dette ikkje er ein del av eigenarten til eller intensjonen med kurset.
- ♣ Ved nyttilsetjingar i stillingar der undervisning inngår, bør det stillast krav til språkferdigheiter, til dømes om at den som blir tilsett, må beherske norsk eller anna skandinavisk språk munnleg og skriftleg, eller tileigne seg denne kompetansen i løpet av ein periode på to år, og at den som blir tilsett dessutan må vere førebudd på å gje undervisning på engelsk.
- ♣ Det bør etablerast institusjonelle rammer i form av kurs og tilgang til systematisk rettleiing for å styrkje den språklege kompetansen til nordisktalande tilsette som underviser på engelsk. Det bør også etablerast kurs i norsk for fagleg tilsette som ikkje har tilstrekkeleg dugleik til å kunne undervise på norsk.
- ♣ Kurs i akademisk skriving, der siktemålet er å utvikle språk-, tekst- og sjangerkompetansen til studentane, bør vere ein del av fagtilbodet ved institusjonane,
- ♣ Studentar på høgare nivå bør kjenne til og kunne nytte fagspråk i engelsk og eventuelt andre språk.
- ♣ Det bør etablerast støttkurs for studentar som har behov for å utvikle kompetansen i engelsk fagspråk.
- ♣ Utanlandske studentar bør få tilbod om kurs i norsk språk, kultur og samfunn, tilpassa lengda av studieopphaldet.

Forsking

- ♣ Fagmiljøa bør arbeide aktivt med bevisstgjering i forhold til val av publiseringsspråk.
- ♣ Faglege vurderingar og kommunikasjonsmoglegheit med relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø bør ligge til grunn for val av publiseringsspråk.
- ♣ Norsk bør derfor framleis vere eit relevant språk ved vitenskapleg publisering i somme fag.
- ♣ I dei fleste faga bør likevel engelsk eller eit anna internasjonalt språk vere hovudspråk ved vitenskapleg publisering.
- ♣ Dei institusjonelle språkkrava bør vere pragmatisk utforma, slik at dei fremjar norsk der det er føremålstenleg, og internasjonalt språk der det er føremålstenleg.
- ♣ Institusjonane bør arbeide målretta med å klargjere for dei tilsette at graderinga i finansieringssystemet for vitenskapleg publisering ikkje baserer seg på språk, men på kvalitet og kommunikasjon på eit språk det internasjonale fagfeltet bruker og forstår.
- ♣ Doktorgradsavhandlingar som blir skrivne på norsk, skal ha eit fyldig samandrag på eit internasjonalt språk på 5-10 % av avhandlingsslengda.
- ♣ Doktorgradsavhandlingar som blir skrivne på eit internasjonalt språk, skal ha eit fyldig samandrag på norsk på minimum 5-10 % av avhandlingsslengda.
- ♣ Institusjonane bør tilby ei språkvashteneste for manuskript, særleg retta mot manuskript på internasjonale språk.

Formidling og samfunnskontakt

- ♣ Formidling til allmennheita bør skje på det språket som er mest føremålstenleg for det publikum ein vender seg til. Formidling til den norske og nordiske allmennheita bør føregå på norsk, medan formidling til spesielle grupper i Noreg eller til den internasjonale allmennheita bør føregå på engelsk eller anna internasjonalt språk.

Administrasjon og informasjon

- ♣ Administrasjonsspråket bør framleis vere norsk.
- ♣ Nettsidene til universiteta og høgskolane bør i tillegg til dei norske sidene innehalde lett tilgjengeleg informasjon på engelsk.
- ♣ På høgskolane og universiteta bør begge dei norske målformer vere tydeleg synlege gjennom dei skriftlege tekstane i ulike kanalar og presentasjonsformer. Minst 25 % av dei skriftlege tekstane på dei ulike administrasjonsområda internt og eksternt bør vere på den målforma institusjonen nyttar minst.
- ♣ Alternative organiseringsformer for å nå målet om jamstilling mellom dei norske målformene kan prøvast ut i den grad det er i tråd med intensjonen om reell jamstilling mellom målformene.
- ♣ Arbeidet til UHR med å utvikle og samordne den studieadministrative terminologien bør halde fram.

3 Utdanning

Utdanning er ei av dei sentrale oppgåvene til norske universitet og høgskolar. Gjennom utdanninga får det norske og det internasjonale samfunnet tilført kompetanse på ulike felt i samfunnet. I det alltid pågåande arbeidet med kvalitetsutvikling av utdanningane, vil ulike språkpolitiske tilhøve også spele inn.

Språk og læring

Det beste språklege utgangspunktet for læring er morsmålet. Dette er det blitt kasta lys over gjennom mellom anna omfattande forskning på elevar/studentar med anna morsmål enn undervisningsspråket. Ein utnyttar dei kognitive evnene sine langt betre på morsmålet. Den prestisjen engelsk har fått, står i eit visst motsetningstilhøve til dette. Ei undersøking publisert i *Ugeskrift for Læger* 17.02.2003 viste at leger som var vande med å lese engelsk fagspråk, fekk med seg om lag 25 % mindre informasjon når dei las engelsk enn når dei las på morsmålet. Undervisning på norsk vil såleis normalt vere det mest føremålstenlege for at studentar med norsk som morsmål skal få størst mogleg læringsutbytte og best mogleg utnytting og utvikling av dei kognitive evnene sine. Dette må samstundes balanserast mot behovet for å kommunisere internasjonalt.

Internasjonalisering i form av utanlandsktalande studentar i Noreg er ei viktig grunngeving for at undervisningsspråket skal kunne vere engelsk. Norsk er eit minoritetsspråk i verda, og undervisningspraksisen overfor utanlandske studentar må bli annleis i minoritetsspråksamfunn enn i større språksamfunn. Utanlandske studentar i Noreg vil ikkje alltid forventast å kunne følgje norskspråkleg undervisning, noko som gjer at engelsk blir det mest tenlege språkvalet i ein del tilfelle. Det er som nemnt også eit ønske frå sentrale myndigheiter om at det engelskspråklege kurstilbodet skal aukast.

I tillegg er høgare utdanning i Noreg del av ein internasjonal utdannings- og arbeidsmarknad. God kompetanseutvikling føreset dermed tilgang til det internasjonale (engelske) fagspråket, noko som gjer at engelsk blir aktualisert både som pensumspråk og undervisningsspråk. Utvikling og oppøving av språklege ferdigheiter på engelsk vil i mange fag vere nødvendig for å utvikle læringspotensialet i størst mogleg grad. Det vil også setje framtidige norske fagutøvarar i stand til å kommunisere effektivt på tvers av språklege grenser.

Innanfor alle fagfelt krevst det aktiv deltaking og arbeid for å tileigne seg den nødvendige fagkunnskapen. Også det å lære fremmendspråk, deriblant engelsk, krev ein aktiv arbeidsinnsats av studentane. Å lære engelsk fagspråk i tillegg til sjølve kjerneinnhaldet i faget vil kunne føre til at andre sider ved faget blir fortregnde. Undervisarane vil i dei fleste tilfella heller ikkje ha den kompetansen på undervisning i og læring av fremmendspråk som undervisarar i fremmendspråk har. Å organisere læring av eit fremmendspråk (engelsk) i andre fag enn språkfaga er slik ikkje uproblematisk. Det å arbeide med gode pedagogiske opplegg blir såleis viktig. I undervisninga bør lærarane formidle dei norske og engelske korresponderande fagtermane.

Det er eit nært samspel mellom språkforståing og kulturforståing. Eit relevant argument for å møte andre språk enn norsk i undervisninga er at ulike kulturar kan representere ulike perspektiv og fokuseringar. Ofte er nettopp møta mellom ulike kulturar og ulike språk intellektuelt utfordrande ved at det skjerpar blikket og aukar presisjonen. Slike mangkulturelle og fleirspråklege møte kan auke kreativiteten. Derfor er det viktig at vi i vitskapssamfunnet utviklar kompetanse til å følgje med i andre nasjonale kulturar "frå innsida". Derfor bør det

øg skapast og organiserast opningar for å bruke andre fremmedspråk enn engelsk. Ein for einsidig engelskdominans i fremmedspråkskompetansen på universitet og høgskolar kan lett vise seg å bli ein veikskap. Ut frå same perspektiv om det mangkulturelle møtet er det også ønskjeleg at utanlandske studentar som kjem til Noreg, får høve til å kome inn i norsk språk og kultur.

Tilråding

- ♣ Undervisningsspråket ved universiteta og høgskolane skal normalt vere norsk. For å oppnå instrumentelle mål om å utvikle kompetanse i engelsk fagspråk hos norskspråklege studentar eller å integrere utanlandsktalande studentar, kan undervisningsspråket også vere engelsk.

Norsk og engelsk som undervisningsspråk

Undervisningsspråket vil i dei fleste faga vere norsk. Særskilt på begynnarnivå er dette viktig. (Når det gjeld undervisningsspråket i språkfaga, vil dette oftast vere annleis). Språkrådet seier i rapporten *Norsk i hundre!* at ”begynnerundervisning skal skje på norsk. Engelsk innføres gradvis når den norske terminologien er etablert” (s.83). Begynnarundervisning kan ein tidsfeste til dei to første studieåra, anten det dreier seg om treårige bachelorstudium eller fleirårige profesjonsstudium. Frå og med det tredje året bør det vere ei opning for engelsk. Mykje av studentutvekslinga føregår det tredje studieåret. Kurstilbod på engelsk på dette tidspunktet vil såleis vere føremålstenleg også i forhold til målet om auka internasjonalisering og utveksling.

Det ligg ein fare i å framstille ein overgang til engelsk undervisningsspråk som generelt ønskjeleg. Vi kan da lett bli fanga av ei utvikling som gjer engelsk til eit prestisjespråk, eller som gjer at engelsk blir assosiert til kvalitet og høgare nivå. For å unngå ei slik utvikling som ofte går under nemninga ”sjølvkolonisering”, bør undervisningsopplegg på engelsk vere svært målretta og instrumentelt grunngitte. Slik undervisning bør vere knytt til visse kurs – og språket bør vere valt fordi det nettopp der er mange gjestestudentar, eller fordi ein nettopp der ønskjer å utvikle kompetansen i engelsk fagspråk hos studentane. Dersom ein legg ein slik instrumentell argumentasjon til grunn, kan ein òg gå vidare til å seie at det er ønskjeleg at også fag som er dominerte av norsk språk, bør ta inn ei eller anna kursing i bruk av engelsk for høgaregradsstudentar. På det nivået er det t.d. viktig å kjenne godt til fremmedspråkleg terminologi innanfor faget, jf. ønsket om parallellspråklegheit.

Gjennom ei høgare utdanning tileignar studentane seg kunnskapar og ferdigheiter av mange slag, deriblant språkferdigheiter. Språkferdigheiter kan ein sjå på som ein del av læringsutbyttet (”learning outcome”). I Finland blir det i dag stilt krav om språkdugleik i morsmål og fremmedspråk i høgare utdanning som del av læringsutbyttet på ulike nivå og i ulike typar utdanningar. Språkdugleik som del av læringsutbyttet bør takast inn i nasjonale rammeverk for kvalifikasjonar og i institusjonelle planar.

Tilrådingar

- ♣ Undervisningsspråket bør vere norsk dei to første studieåra. Frå og med det tredje året bør det vere opning for bruk av engelsk.
- ♣ Språkdugleik som del av læringsutbyttet bør takast inn i nasjonale rammeverk for kvalifikasjonar og i institusjonelle planar.

Språkkompetansen til undervisningspersonalet i sektoren

Dei språklege ferdigheitene til undervisningspersonalet vil vere parameter for kvaliteten på undervisninga, anten det dreier seg om engelskkompetansen til nordisktalande undervisarar eller kompetansen i norsk/nordisk for utanlandsktalande. Dersom den som underviser ikkje beherskar språket tilfredsstillande, vil det verke inn på undervisninga i form av til dømes mindre spontanitet, mindre dialog og sterkare manuskriptbinding, og dessutan mindre effektiv kommunikasjon med studentane. Omvendt vil språkleg tryggleik kunne auke kvaliteten på undervisningssituasjonane.

For institusjonane vil det vere aktuelt å stille krav til språkferdigheiter i samband med nyttilsetjingar. Ved Universitetet i Stavanger vert språkferdigheiter i dag normalt nemnde i utlysningsteksten for vitenskaplege stillingar:

Undervisningsspråket vil normalt være norsk. Den som tilsettes må beherske norsk eller et annet skandinavisk språk skriftlig og muntlig, eller tilegne seg denne kompetansen i løpet av en periode på to år. Den som tilsettes må også være forberedt på å gi undervisning på engelsk.

Undervisningskvaliteten kan bli styrkt gjennom at institusjonane har språkleg kompetanse som ei av ferdigheitene som vert kravde ved tilsetjing. Institusjonane bør ha kurstilbod i norsk for utanlandske undervisarar som ikkje har tilfredsstillande dugleik i eit skandinavisk språk. God dugleik i norsk eller eit anna skandinavisk språk, munnleg og skriftleg, er viktig for å fungere godt i eit fagmiljø, som undervisar og rettleiar og med tanke på formidling, faglege verv og administrative oppgåver. Slike språkkurs kan eventuelt vere samarbeidstiltak mellom fleire institusjonar.

Også når det gjeld allereie tilsett vitenskapleg personale, bør det vere institusjonelle rammer som kan gjere undervisninga på andre språk enn førstespråket best mogleg språkleg sett. Det kan ein gjere gjennom til dømes tilbod om kurs i engelsk som undervisningsspråk for tilsette med nordisk som førstespråk. Undervisningspersonalet bør også få høve til å få konsultasjon og rettleiing om korleis dei kan utvikle eigen kompetanse på undervisningsspråket.

Tilrådingar

- ♣ Ved nyttilsetjingar i stillingar der undervisning inngår, bør det stillast krav til språkferdigheiter, til dømes om at den som blir tilsett, må beherske norsk eller anna skandinavisk språk munnleg og skriftleg, eller tileigne seg denne kompetansen i løpet av ein periode på to år, og at den som blir tilsett dessutan må vere førebudd på å gje undervisning på engelsk.
- ♣ Det bør etablerast institusjonelle rammer i form av kurs og tilgang til systematisk rettleiing for å styrkje den språklege kompetansen til nordisktalande tilsette som underviser på engelsk. Det bør også etablerast kurs i norsk for fagleg tilsette som ikkje har tilstrekkeleg dugleik til å kunne undervise på norsk.

Andre skandinaviske språk

Dei skandinaviske språka norsk, svensk og dansk er innbyrdes forståelege. Svensk og dansk skal vere sidestilte med norsk som undervisningsspråk. Studentar har av og til klaga på svensk og dansk undervisningsspråk, fordi desse språka kan vere vanskelege å forstå. Dette er delvis eit spørsmål om haldningar til språkleg variasjon. Kva haldningar ein møter språk med, vil innverke på korleis ein forstår – og ikkje minst på kva ein trur ein forstår. Eit mål om å sidestille dei skandinaviske språka er derfor også normativt og politisk, for vi ønskjer både å halde oppe kompetansen i å forstå språkleg variasjon, og å påverke haldningane og toleransen til språk. Ei sidestilling av dei nordiske språka, slik det i praksis er i dag, gjer også at undervisningspersonalet vil kunne kome frå heile Norden. Dette vil kunne føre til rekruttering av dei mest kompetente fagfolka, noko som i neste omgang vil kunne føre til betra undervisningskvalitet. Den nordiske språkfellesskapen bør såleis verdsetjast i det høgare utdanningssystemet også i framtida.

Tilråding

- ♣ Dei skandinaviske språka norsk, svensk og dansk bør vere rekna som likeverdige som undervisningsspråk.

Språkval og ulike fagfelt

Ulike fag har ulike behov og ulike føremål, noko som òg kan tenkjast å innverke på språkpolitiske strategiar og val. Til dømes vil føremålet i nordiskfaget vere å lære om nordiske språk og nordisk kultur, noko som vil gjere norsk, svensk og danske til dei undervisningsspråka ein normalt føretrekkjer. Dei skandinaviske språka fungerer her også som internasjonale fagspråk. I andre fag, som til dømes matematikk og historie, vil ikkje eigenarten til faget leggje så tydelege språklege nasjonale føringar. Til dømes vil føremålet i mellomalderhistorie mellom anna vere å lære om relasjonen mellom norsk kultur, samfunnsstruktur og utvikling i ein europeisk dimensjon. I slike tilfelle vil undervisningsspråket vere norsk, medan publiseringsspråket ofte er engelsk.

I mange samanhengar blir det skilt mellom humanistisk vitenskap, naturvitenskap og samfunnsvitenskap. Dette skiljet er ikkje nødvendigvis eit relevant skilje i språkpolitisk samheng. Eit meir relevant utgangspunkt vil vere føremålet med studiet og kva studiet kvalifiserer til. Ei aktuell skiljelinje vil såleis kunne gå mellom profesjonsutdanningar og reine fagutdanningar. For profesjonsutøvarar som t.d. lærarar, sjukepleiarar, psykologar, legar og advokatar er kommunikasjon ein føresetnad for god utøving av faget. Utvikling av kommunikasjonsferdigheiter på eit velfungerande norsk fagspråk vil såleis vere svært viktig i slike utdanningar. Studium som ikkje er direkte retta mot profesjonar, vil kunne kvalifisere for arbeid der denne typen kommunikasjonsferdigheiter er mindre aktuelle, noko som igjen vil kunne opne for at undervisninga i større grad kan gå føre seg på engelsk. Samstundes vil også profesjonsutøvarar som lærarar og sjukepleiarar ha behov for å kunne kommunisere fagleg på andre språk enn norsk. Ingeniørutdanningane, der engelsk i dag blir mykje nytta av ulike årsaker, er eit anna døme på at ei absolutt inndeling mellom profesjonsutdanningar og reine fagutdanningar vil vere vanskeleg.

Tilråding

- ♣ I utforminga av ein språkpolitisk strategi bør ein ta omsyn til føremålet med studiet. På generelt nivå bør ein ikkje skilje mellom ulike vitskapstypar eller profesjons/ikkje-profesjonsstudium. I alle studium bør språkpolitikken vere underordna det kulturpolitiske ansvaret til universitet og høgskolar om å halde oppe norsk fagspråk og formidling på norsk.

Lærebøker

Gode lærebøker gjev utgangspunkt for god læring. Kva for lærebøker og læremiddel som blir valde som pensum, verkar inn på kvaliteten på studiet. Utgangspunktet for val av lærebøker bør vere å velje dei beste lærebøkene på marknaden. Dette inneber at i nokre samanhenger vil studentar møte engelskspråkleg pensumlitteratur allereie frå første semester. Engelskspråkleg litteratur dekkjer ein større marknad enn den nordiskspråklege. Det kan derfor kome oftare oppdaterte utgåver til betre pris enn tilfellet ofte er med nordiskspråkleg faglitteratur. Ein del av den nordiske faglitteraturen er retta mot ein breiare marknad, han skal gjerne dekkje fleire kurs, noko som kan resultere i mindre tilpassa litteratur. Ønsket om best moglege lærebøker kan dermed resultere i at engelskspråklege lærebøker blir valde framfor nordiske. Ein må samstundes vurdere dette ønsket i lys av kjensgjerninga om at den beste læringa skjer på morsmålet. Å få tilgang til norskspråklege lærebøker er dermed eit argument i seg sjølv, og under elles like vilkår bør norskspråkleg faglitteratur derfor vere førsteval. Utvikling av gode lærebøker på norsk blir også vektlagt i *Norsk i hundre!*, som foreslår at støtta til utgjeving av lærebøker på norsk for høgare utdanning må vidareførast og styrkjast (s. 83). Det bør også stimulerast til å velje svenske og danske lærebøker framfor engelske i dei tilfella der faglitteraturen i tillegg til engelsk ligg føre på andre skandinaviske språk enn norsk. På fag der det er urealistisk å utvikle lærebøker på norsk, vil det vere god pedagogikk på grunnstudiet å hjelpe studentane med å utvikle ein tospråkleg terminologi i føreløsingane.

I nokre tilfelle vil det ikkje vere det utanlandske språket isolert som kan gjere god læring vanskelegare, men innhaldet i den utanlandske faglitteraturen. Eit døme på dette er sosiolingvistik, som etablerte seg som fagfelt i Noreg frå 1960-70-talet med basis i omsette utanlandske artikkelar. Innhaldet i desse fagtekstene refererte til ei sosial og geografisk røynd som i liten grad var kjend for norske studentar. I dette tilfellet var det altså ikkje språket, men konteksten til originalforfattarane som gjorde læringa vanskelegare.

Norskspråklege lærebøker er svært viktige for utvikling og vedlikehald av ein fagterminologi på norsk. Universiteta og høgskolane har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk med tilhøyrande fagterminologi. Dersom norsk ikkje lenger blir nytta som fagspråk, vil studentane etter avslutta utdanning ha svakt utvikla kompetanse i å uttrykke seg fagleg presist til eit norsktalende miljø for å kunne kommunisere med dei ein møter i arbeidet, t.d. pasientar, elever og fagfellar. Gode oversettingar er viktig når ein les engelsk faglitteratur, men også når ein les norsk faglitteratur, bør ein ha tilgang til dei korresponderande engelske termane. Har ein spesialordbøker, kan ein få innarbeidd fagterminologien både på norsk og engelsk. Fagterminologi er noko det bør arbeidast systematisk med, mellom anna gjennom utvikling av terminologiske ordbøker innanfor dei ulike faga. Innanfor medisin er det allereie utarbeidd norske fagterminologiske ordbøker, og desse kan tene som modellar for andre fagområde. Det bør innanfor sektoren opprettast samarbeidande nasjonale grupper som har ansvar for eit slikt terminologisk arbeid. Gruppene bør også ha som oppgåve å vedlikehalde gode korrespondanselister mellom norsk og internasjonal (engelsk) terminologi. For at dette

arbeidet skal bli mest mogleg funksjonelt, er det ønskjeleg om t.d. UHR etablerer gode organisatoriske og økonomiske rammevilkår.

Tilrådingar

- ♣ Støtta til utgjeving av norske lærebøker for høgare utdanning bør oppretthaldast og styrkjast.
- ♣ Det bør opprettast eigne fagterminologigrupper i universitets- og høgskolesektoren, med tilfredsstillande organisatoriske og økonomiske vilkår. Desse gruppene bør òg ha som oppgåve å halde norsk fagterminologi ved like og å definere norske termar i forhold til internasjonal terminologi.

Eksamen

I kurs der fleire språk enn norsk vert nytta, vil ein òg måtte ta stilling til kva språk eksamenssvar kan og må skrivast på. Dette er noko ein må sjå i samband med den overordna intensjonen for språkval i det aktuelle kurset. Der eitt av siktemåla er å utvikle kompetansen i engelsk fagspråk hos norske studentar, kan engelsk vere eit val ved eksamen. Dersom siktemålet med engelskundervisninga er å integrere utanlandsktalande studentar, er det ikkje så naturleg at engelsk skal vere eit alternativ for dei norske studentane. Her kan nettopp det andre omsynet kome inn: At norske studentar skal meistre det norske fagspråket. I dei fleste tilfelle kan ein rekne med at dette ikkje vil vere særleg problematisk, sidan dei fleste studentar normalt vil velje å skrive på morsmålet sitt. Studentar som ønskjer det, bør normalt kunne skrive eksamenssvara på engelsk. Dette er særleg relevant for utanlandske studentar med svak dugleik i norsk språk. At engelsk skal vere einaste alternativ for norskspråklege studentar når dette ikkje er instrumentelt grunnleggjande, er noko ein må unngå.

Undervisningsspråket skal normalt vere norsk, noko som inneber at norske studentar skal ha høve til å skrive eksamenssvara på norsk. Unntak er sjølvstøtt språkfaga, der ein må ta omsyn til dei spesifikke krava til språk og målform.

Ein sentral del ved prøvinga i doktorgradsutdanningane er avhandlingane. Denne typen tekstar er ikkje berre knytt til undervisning og utdanning, men er også forskningspublikasjonar. Kommentrar og tilrådingar som gjeld avhandlingsspråk kjem derfor i kapitlet om forskning (kap.4).

Tilråding

- ♣ Eksamenssvar bør normalt skrivast på norsk, men ved somme kurs bør studentar som ønskjer det, ha høve til å velje å svare på engelsk. Studentar bør ikkje vere nøydde til å skrive eksamenssvar på engelsk i kurs der dette ikkje er ein del av eigenarten til eller intensjonen med kurset.

Norsk fagspråk og akademisk skriving

Eit godt norsk fagspråk føreset ein norsk fagterminologi. Vidare inneber fagspråk også det å byggje opp og utvikle eit resonnement, å argumentere og diskutere. Fagspråklege uttrykksformer og akademiske sjangrar kan for mange studentar vere ei utfordring. Ein føresetnad for å lykkast med faget er at ein lykkast med fagtekstane. Institusjonane bør derfor etablere kurs for å utvikle språk- og tekstkompetansen til studentane. Ein mogleg modell kan

ein finne ved Universitetet i Bergen, som har emnet ”akademisk skriving” som ein del av førstesemesterstudiet.² UiB vann utdanningsprisen til NOKUT for dette arbeidet. Dette emnet inkluderer mellom anna skriveøvingar og studium i korleis fagtekstar er bygde opp. Systematisk arbeid med fagspråk og -tekstar vil kunne gje studentane eit betre utgangspunkt for god læring og fagleg utvikling.

Det å utvikle eit godt norsk fagspråk og å kunne uttrykkje seg godt gjennom skriftlege tekstar, er ikkje eit gode berre for den einskilde studenten. Det er også eit gode for samfunnet. Universiteta og høgskolane har eit viktig politisk ansvar for å halde oppe premissa for demokrati, for å formidle fagkunnskap til allmennheita og for å stimulere til offentleg diskusjon. Ved å styrkje uttrykksferdigheitene til studentane vil dei lettare kunne kome med innspel i den offentlege debatten og medverke til å halde demokratiet levande. Det kan også hjelpe dei til betre å formidle fagkunnskap undervegs og i etterkant av utdanninga. Kurs i akademisk skriving vil slik vere eit gode for den einskilde studenten så vel som for samfunnet som heilskap, og slike kurs bør finnast på fleire fakultet/avdelingar.

Tilråding

- ♣ Kurs i akademisk skriving, der siktemålet er å utvikle språk-, tekst- og sjangerkompetansen til studentane, bør vere ein del av fagtilbodet ved institusjonane,

Det engelske fagspråket til norske studentar

Dei norske studentane har varierende engelskkompetanse. Engelskferdigheiter er likevel noko det er vanskeleg å stille formelle inntakskrav til. Det er heller ikkje allmenne språkferdigheiter som er det relevante siktemålet her, men derimot tileigning og oppøving av den internasjonale (engelske) fagterminologien. Særleg på høgare nivå, dvs. over bachelornivå, er engelsk fagspråk viktig. For å oppnå best mogleg fagleg utvikling, også etter avslutta utdanning, vil det vere nødvendig å vere i stand til å innhente kunnskap frå det internasjonale fagmiljøet, ikkje berre det skandinaviske. Utvikling av eit godt engelsk fagspråk hos dei norske studentane vil på ein del kurs skje undervegs som ein integrert del av studiet. På andre kurs kan det vere aktuelt å gje tilbod til studentar som er usikre på eigen engelskkompetanse.

Tilrådingar

- ♣ Studentar på høgare nivå bør kjenne til og kunne nytte fagspråk i engelsk og eventuelt andre språk.
- ♣ Det bør etablerast støttekurs for studentar som har behov for å utvikle kompetansen i engelsk fagspråk.

Internasjonale studentar

Dei utanlandske studentane som kjem til Noreg, er viktige i forhold til internasjonalisering. Gjennom opphald i Noreg tileignar dei seg kunnskap om norsk språk, kultur og samfunnstilhøve, og etter avslutta opphald vil dei kunne spreie informasjon om dette i sitt miljø. På denne måten medverkar dei utanlandske studentane til auka kunnskap om norske tilhøve internasjonalt. Undervisningstilbod i norsk språk, kultur og samfunnstilhøve til

² For meir informasjon, sjå

http://studentportal.uib.no/?link_id=2227&sublink_id=&toplink_id=551&mode=show_page&content_id=686&modus=vis_emne&kode=EXFAC00AS

utanlandske studentar vil slik vere eit viktig verkemiddel for auka internasjonisering i sektoren. Det kan her vere aktuelt å skilje mellom studentar som er her på semesteropphald, og studentar som studerer eitt år eller meir. Dess kortare opphaldet er, dess meir vil undervisninga rette seg mot kunnskap *om* norsk, og ikkje *i* norsk. Aktuelle tilbod for studentar med kort opphald er til dømes Scandinavian Area Studies³ ved UiB og NORSEC⁴ ved HiA. For studentar som skal vere i landet meir enn eit semester, bør det organiserast kurs *i* norsk.

Tilråding

- ♣ Utanlandske studentar bør få tilbod om kurs i norsk språk, kultur og samfunn, tilpassa lengda av studieopphaldet.

³ Ved Universitetet i Bergen blir det tilbydd eit engelskspråkleg kurs kalt Scandinavian Area Studies, som omfattar norsk og skandinavisk språk og nyare litteratur. For meir informasjon, sjå http://studentportal.uib.no/?link_id=2360&sublink_id=2362&toplink_id=551&mode=show_page&content_id=686&fk=SCANAREA

⁴ Ved Høgskolen i Agder blir det tilbydd eit engelskspråkleg kurs kalt NORSEC (Norwegian Society, Education and Culture). Kurset er ope for lærarstudentar frå partnerskolar i Europa. For meir informasjon, sjå <http://www.hia.no/hum/Norsec/>

4 Forsking

De språkpolitiske utfordringane ved forskingsverksemda er framfor alt knytt til publiseringsspråk. Publisering av forskning dreier seg om å kommunisere forskingsresultat til den ønskede fagfellesskapen. Innanfor dei fleste fagområda er fagfellesskapen internasjonal med engelsk som hovudspråk, men innan nokre fag er fagfellesskapen norskspråkleg. Eit særskilt område er språket i doktoravhandlingane, som inngår både i forskning og utdanning.

Publiseringsspråk

Dei aller fleste forskingsfelte er internasjonale. For at forskinga som vert utført ved norske universitet og høgskolar skal kunne kommuniserast i internasjonale fagfora, må det publisierast på eit språk som alle forstår. I dei aller fleste tilfella vil dette vere engelsk. Dette er drøfta i rapporten *Norsk i hundre!*, der primærpublisering med norsk som publiseringsspråk blir rekna som tapt "domene" for norsk forskning. Ein kan spørje seg om dette eigentleg nokon gong har vore eit norskspråkleg domene. I mange hundre år var latin det sjølvsaagte publiseringsspråket på dei fleste områda. Sidan vart også tysk viktig, og i naturvitskapane har t.d. russisk vore eit viktig språk internasjonalt. I dag kan ein hevde at engelsk har overtatt den rolla latin tidlegare hadde. Engelsk er i store delar av forskingsverda det udiskutable *lingua franca*, og språket i dei fleste internasjonale tidsskrifta er engelsk.

På somme felt har likevel norsk stått sterkt ei tid (t.d. i språkvitskap, historie og samfunnsfag), og her kan han vere under press i dag. På desse områda kan engelsk no bli oppfatta som eit trugsmål. Det dreier seg naturlegvis ikkje om engelsk språk i seg sjølv, men om frykta for at eitt språk og éin kultur skal bli så dominerande at det trugar bruken av norsk språk i Noreg. I samband med publiseringsspråk blir prinsippet om parallellspråklegheit tydeleg: Ein ønskjer og treng både eit internasjonalt språk (engelsk) og eit nasjonalt språk (norsk). I publisering retta mot eit internasjonalt publikum, vil såleis engelsk vere det mest føremålstenlege. I publisering retta mot eit norsk/nordisk publikum vil det nasjonale språket vere det mest føremålstenlege. Det er først dersom ein publiserer på engelsk i ein norsk kontekst at engelsk blir eit reelt trugsmål for norsk språk generelt, og for norsk fagspråk spesielt. Ønskt publikum og føremålet med publiseringa må såleis vere det styrande prinsippet, ikkje språket i seg sjølv.

Forsking er internasjonal. I dei fleste faga vil derfor engelsk vere det dominerande fagspråket, til dømes innanfor naturvitskapane, matematikk, medisin og samfunnsvitskaplege fag. Engelsk blir da valt som publiseringsspråk av di det er dette språket fagfellar som det er naturleg å kommunisere skriftleg med, forstår. På nokre fagfelt er norsk det dominerande fagspråket, til dømes innanfor nordisk og juss.

I samband med val av publiseringsspråk spelar dei språklege ferdigheitene til forskarane ei viss rolle. I utgangspunktet skulle ein tru at dette er noko som vil trekkje i retning av norsk publiseringsspråk, sidan det dreier seg om det norske universitets- og høgskolesystemet. Samstundes blir det lese mykje faglitteratur på engelsk, slik at dei *fagspråklege* ferdigheitene kan trekkje i retning av engelsk. Tilrettelegging for å utvikle språklege ferdigheiter har allereie blitt peikt på tidlegare i rapporten (jf. s. 9f). For å få publisert norsk forskning i internasjonale – normalt engelskspråklege – tidsskrift, må artiklane vere av god kvalitet også språkleg. I *Norsk i hundre!* (s. 81) blir det rådd til at institusjonane bør tilby ei språkvashteneste for manuskript på engelsk. På denne måten kan institusjonane sjølv leggje til rette for språkleg kvalitetssikring ved internasjonal publisering. Språkvashtenesta bør ikkje

omfatte berre engelskspråklege manuskript, men òg manuskript på andre internasjonale språk. I ein del tilfelle kan det også vere aktuelt å tilby språkvaskteneste til manuskript på norsk.

Fagspråklege ferdigheiter inkluderer ikkje minst ein godt utbygd fagterminologi. I ei hovudfagsoppgåve ved NTNU om engelsk som akademisk språk i Noreg påpeiker informantane to manglar med det norske fagspråket: Den spesifikke fagterminologien er i stor grad på engelsk, og dei norske fagtermane som har vorte innførte har i liten grad slått gjennom (Ljosland 2003: 62). Dette understrekar kor viktig systematisk arbeid med norsk fagspråk og fagterminologi er, slik vi allereie har nemnt i denne rapporten (jf. tilråding s.13).

Tilråding

- ♣ Institusjonane bør tilby ei språkvaskteneste for manuskript, særleg retta mot manuskript på internasjonale språk.

Institusjonelle forventningar og krav

Dei institusjonelle språkforventningane er ein viktig faktor for val av publiseringsspråk. Dei siste månadene har desse vore del av den offentlege diskusjonen. Særleg har finansieringssystemet for publisert forskning vorte kritisert for å honorere engelskspråkleg forskingspublisering framfor publisering på norsk. Ikkje all kritikken har likevel feste i dei faktiske forholda. Finansieringa er ikkje basert på publiseringsspråk, men på kvaliteten på tidsskrifta. Publisering på engelsk i internasjonale tidsskrift vil kunne gje høgare utteljing enn nasjonale/norske tidsskrift på grunn av kvaliteten på tidsskriftet, ikkje på grunn av språket. Det finst også norskspråklege tidsskrift i den øvste utteljingskategorien, mellom anna *Maal og Minne*, *Edda* og *Historisk tidsskrift*. Å publisere på eit internasjonalt språk er heller ikkje synonymt med publisering på engelsk – det finst andre internasjonale fagspråk enn engelsk. Det er heller ikkje noko likskapsteikn mellom internasjonalt språk og høg kvalitet. Institusjonane bør formidle tydeleg til dei tilsette i sektoren at finansieringssystemet baserer seg på forskingskvalitet, ikkje på publiseringsspråk, noko det i dag kan sjå ut til å ha etablert seg ei oppfatning om. Institusjonane bør såleis formidle at kommunikasjon og deltaking i forskarsamfunnet krev at det vert publisert på eit språk som det ønskte publikumet forstår. Innanfor dei fleste fagfelte vil dette vere engelsk eller eit anna ikkje-norsk språk.

Noko anna er at vektlegginga av tidsskriftspublisering på ein uheldig måte kan redusere interessa for å gje ut norskspråklege monografiar og fagbøker, som har vore ein viktig sjanger innanfor humanistiske og samfunnsvitenskaplege miljø, og som har spelt ei vesentleg rolle i det norske offentlege diskusjonsrommet. Til dømes tel ikkje vitenskaplege edisjonsutgåver i det poengsystemet som gjeld i dag.

Det kan vere gode grunnar for å velje eit internasjonalt språk, men i nokre tilfelle kan det vere like gode grunnar for å velje å publisere på norsk. Eit sentralt poeng blir derfor at val av språk ikkje er tilfeldig eller ubevisst, men at dei einskilde institusjonane og forskingsmiljøa har ei bevisst grunngeving for å velje det eine framfor det andre. Institusjonelle språkkrav bør alltid stå i samheng med den praktiske funksjonen. Det er til dømes unødvendig å stille krav om engelsk når alle lesarane er norske.

Språk inneber òg sosiale normer og prestisje. I akademia i Noreg vil mange kunne fortelje om sosiale normer som trekkjer i retning av at publisering på engelsk har høgare prestisje enn publisering på norsk. Bevisstgjerjing blir derfor eit poeng. Skiljet mellom engelskspråklege og

norskspråklege artiklar dreier seg ikkje om kvalitet. Viss det knyter seg høgare prestisje til engelsk enn til norsk ved institusjonane, bør ein ha bevisstheit om konsekvensane av det.

Tilrådingar

- ♣ Institusjonane bør arbeide målretta med å klargjere for dei tilsette at graderinga i finansieringssystemet for vitenskapelig publisering ikkje baserer seg på språk, men på kvalitet og kommunikasjon på eit språk det internasjonale fagfeltet bruker og forstår.
- ♣ Dei institusjonelle språkkrava bør vere pragmatisk utforma, slik at dei fremjar norsk der det er føremålstenleg, og internasjonalt språk der det er føremålstenleg.
- ♣ Fagmiljøa bør arbeide aktivt med bevisstgjerjing i forhold til val av publiseringsspråk.

Føremål og publikum

Ønskt publikum og føremålet med publiseringa er det som bør vere den avgjerande faktoren for val av publiseringsspråk. Føremålet med forskingspubliseringa er normalt å kommunisere resultat til fagfellar. Dersom ein ønskjer å kommunisere med internasjonale fagfellar, vil eit internasjonalt språk – i dei fleste tilfella engelsk – vere det nødvendige språkvalet. Dersom ein ønskjer å kommunisere med norske/nordiske fagfellar, vil norsk vere det naturlege valet. På denne måten bør det vere føremålet med publiseringa som er det relevante, ikkje valet norsk/engelsk i seg sjølv.

Det å kommunisere med det internasjonale forskingssamfunnet gjennom forskingspublisering, er sjølvsagt viktig for norske universitet og høgskolar. For at dei norske universiteta og høgskolane skal kunne vere aktive deltakarar i det internasjonale vitenskapssamfunnet, må ein gjere forskinga som føregår i Noreg, kjend i utlandet. Til det treng ein eit internasjonalt språk. Det finst fleire døme på at forskingsfunn i Noreg som ikkje er publiserte på eit internasjonalt språk, ikkje har blitt krediterte og fanga opp internasjonalt, t.d. Eilert Sundts demografiske forskning, Amund B. Larsens forskning på såkalla ”naboopposisjon” i dialektologien og Olav Hanssens forskning på kompatibilitetsreaksjonar ved blodoverføringar. Det er nødvendig at forskingsresultat blir gjorde internasjonalt kjende i eit internasjonalt språk. Konsekvensane av ikkje å publisere på internasjonalt språk er at fagfelt melder seg ut av det internasjonale vitenskapssamfunnet, og at forskingsresultat frå Noreg ikkje når ut. Dette er sjølvsagt ikkje ei utvikling ein ønskjer.

På den andre sida kan ein seie at den språklege utviklinga i universitets- og høgskolesektoren har gått veldig langt i bruk av engelsk. Konsekvensane av dette på sikt kan mellom anna vere at norsk kan bli ufullstendig som fagspråk, og at norske fagfolk kan få vanskar med å kommunisere med ulike grupper dei møter i arbeidslivet etter fullført utdanning. Språket blir da både ein barriere og ein sosiokulturell distinksjonsmarkør. Dersom norsk berre blir nytta i minimal grad i forskingspublisering, kan dette vere noko som etter kvart kan spreie seg til andre felt. Å velje mellom norsk og engelsk publiseringsspråk er likevel ikkje eit val ein gjer ein gong for alle - den einskilde forskaren kan veksle mellom å publisere på engelsk og norsk gjennom ein lang karriere, og slik vere med og ta eit medansvar for at val av publiseringsspråk kan ha språklege, kulturelle og praktiske konsekvensar på lengre sikt. Mange vil hevde at dersom det ikkje føregår forskingspublisering på norsk, er det ei svekking av norsk språk generelt. Å publisere på norsk vil dessutan medverke til å halde oppe og vidareutvikle norsk fagspråk. Norsk *er* framleis eit relevant publiseringsspråk, men omfanget av norskspråkleg publisering vil vere vesentleg berre innanfor einskilde fagfelt.

Forskarar på fagfelt der norsk står sterkt som publiseringsspråk, må ikkje frårådest å publisere på norsk. Morsmålet vil for dei fleste forskarar vere det språket dei meistrar best, og ein kan ikkje råde fagfolk frå å skrive på det språket dei uttrykkjer seg best på. Universiteta og høgskolane har dessutan eit viktig kulturpolitisk ansvar, og ikkje minst ansvar for å halde oppe og vidareutvikle norsk fagspråk. Norskspråkleg faglitteratur er dessutan viktig for demokratiet og for den allmennpolitiske refleksjonen. I dette perspektivet vil publisering på norsk vere eit gode. Samstundes vil det vere slik at morsmålet ikkje når så langt som ein ønskjer. Norsk når ikkje ut i det internasjonale vitskapssamfunnet, som også dei nasjonale faga står i samband med. Engelsk er i dag det språket som når lengst, også lenger enn tysk og fransk.

Tilrådingar

- ♣ Faglege vurderingar og kommunikasjonsmoglegheit med relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø bør ligge til grunn for val av publiseringsspråk.
- ♣ Norsk bør derfor framleis vere eit relevant språk ved vitskapleg publisering i somme fag.
- ♣ I dei fleste faga bør likevel engelsk eller eit anna internasjonalt språk vere hovudspråk ved vitskapleg publisering.

Avhandlingsspråk og forskarutdanning

Doktoravhandlingar står i ei mellomstilling mellom forskning og undervisning – avhandlingane er både del av utdanninga til kandidatane og sjølvstendige forskingsbidrag.

Språket i doktoravhandlingar må sjåast i samanheng med utvikling av fagspråk. Ny forskning fører til utvikling av ny teori, som må presenterast i eit fagspråk med nødvendig terminologisk apparat. Gjennom utvikling av teori, utviklar ein òg fagspråket. Avhandlingar som blir skrivne på andre språk enn norsk, bør derfor ha eit fyldig samandrag på norsk. Dermed vil ny fagterminologi bli gjort tilgjengelig samstundes både på det nasjonale og det internasjonale fagspråket.

Avhandlingsspråk må òg sjåast i samanheng med viktigheita av å kommunisere med eit internasjonalt publikum. Avhandlingar som blir skrivne på norsk, bør derfor ha eit tilsvarende fyldig samandrag på eit internasjonalt språk (noko som i dei fleste tilfella vil vere engelsk). For å gjere norske resultat kjende internasjonalt må dei presenterast i eit internasjonalt språk. Slik kan også utvikling av ny norsk fagterminologi og fagspråk medverke til å utvikle internasjonal fagterminologi og fagspråk.

Samandraga på det andre språket bør vere av eit visst omfang. Samandraga bør vere på minimum 5-10 % av lengda på avhandlinga. Ei tilsvarende ordning kan òg etablerast for mastergradsavhandlingar.

Tilrådingar

- ♣ Doktoravhandlingar som blir skrivne på norsk, skal ha eit fyldig samandrag på eit internasjonalt språk på 5-10 % av avhandlingslengda.
- ♣ Doktoravhandlingar som blir skrivne på eit internasjonalt språk, skal ha eit fyldig samandrag på norsk på minimum 5-10 % av avhandlingslengda.

5 Formidling og samfunnskontakt

Ein viktig del av samfunnsoppgåvene til universiteta og høgskolane er formidling av forskingsresultat til det allmenne publikummet.

Av dei sentrale samfunnsoppgåvene til sektoren – forskning, undervisning, formidling og samfunnskontakt – er formidling og samfunnskontakt dei felte norsk i dag står sterkast i. Når det ikkje er det internasjonale fagmiljøet, men den norske allmennheita som er målgruppa, blir norsk det naturlege språkvalet. Det er lite som tyder på at engelsk vil overta der i den næraste framtida. Dette er synspunkt som også rapporten *Norsk i hundre!* deler. For at samfunnet utanfor academia skal få tilgang til forskingsresultat, er det viktig at norsk held fram med å vere det dominerande språket på dette feltet. Det er m.a. derfor viktig å oppretthalde norsk fagspråk og terminologi. Fagleg tilsette skal ikkje berre drive forskning, men også formidling.

I nokre tilfelle kan engelsk bli aktuelt språk i samband med formidling og samfunnskontakt. I delar av næringslivet, t.d. oljebransjen og IT-sektoren, vil også formidlinga kunne skje på engelsk, sidan det i stor grad kan vere eit internasjonalt publikum. Norske forskarar kan også drive formidling til den internasjonale allmennheita, t.d. gjennom populærvitskaplege artiklar publiserte på Internett. For å nå ut til den internasjonale allmennheita, må ein skrive på eit internasjonalt språk, i dei fleste tilfella engelsk. Val av formidlingsspråk vil på denne måten vere bestemt av kva for publikum ein rettar seg mot.

Tilråding

- ♣ Formidling til allmennheita bør skje på det språket som er mest føremålstenleg for det publikum ein vender seg til. Formidling til den norske og nordiske allmennheita bør føregå på norsk, medan formidling til spesielle grupper i Noreg eller til den internasjonale allmennheita bør føregå på engelsk eller anna internasjonalt språk.

6 Administrasjon og informasjon

Internasjonaliseringa av institusjonane påkallar ein diskusjon om spørsmåla om administrasjon og informasjon på engelsk og på norsk. Den særnorske skriftsspråkssituasjonen må òg takast med i diskusjonen.

Administrasjons- og informasjonsspråk

Administrasjonsspråket skal vere norsk, med mindre heilt spesielle omsyn gjer det umogleg. Spørsmålet om administrasjonsspråk blir til dømes viktig i samband med utlysingstekstar for vitenskaplege stillingar. Slike tekstar skal alltid liggje føre på norsk. Ut ifrå føremålet kan informasjonen også liggje føre på engelsk eller anna relevant internasjonalt språk. Dei administrativt tilsette ved universiteta og høgskolane bør få kursing i godt norsk administrasjonsspråk. I tillegg bør dei tilsette ha tilgang til norsk programvare der slike finst.

Informasjon til publikum, til studentar og tilsette skal alltid liggje føre på norsk. Informasjon skal også vere enkelt tilgjengeleg på engelsk og eventuelle andre språk, slik at internasjonale studentar og forskarar får tilgang til den informasjonen dei treng.

Ei av dei viktigaste kontaktflatene mot det nasjonale og internasjonale samfunnet er internettsidene til universiteta og høgskolane. Nettsidene gjev relevant informasjon om institusjonane, og fungerer dessutan som utstillingsvindaug og reklameplakatar mot verda. Gjennom desse sidene får utanlandske studentar og forskarar eit inntrykk av institusjonane. Det er også ein viktig del av kontakten med det norske samfunnet. Godt språk, både norsk og engelsk, er slik viktig for å gje ein god presentasjon av seg sjølv. Dessverre gjev institusjonane i dag i varierende grad ein fullgod språkleg presentasjon av seg sjølve til det internasjonale og det engelskspråklege publikumet. Informasjonen kan ofte vere vanskeleg tilgjengeleg på engelsk, og den engelskspråklege framstillinga er i mange tilfelle ufullstendig. Institusjonane bør derfor ha som mål at dei relevante nettsidene også skal finnast på engelsk, og eventuelt andre språk.

Eit viktig trinn i arbeidet med å gjere informasjon om administrative tilhøve meir tilgjengeleg for dei internasjonale kontaktflatene, er arbeidet til UHR med å omsetje studieadministrativ terminologi til engelsk.

Tilrådingar

- ♣ Administrasjonsspråket bør framleis vere norsk.
- ♣ Nettsidene til universiteta og høgskolane bør i tillegg til dei norske sidene innehalde lett tilgjengeleg informasjon på engelsk.
- ♣ Arbeidet til UHR med å utvikle og samordne den studieadministrative terminologien bør halde fram.

Den norske skriftsspråkssituasjonen

Å beherske skriftsspråket er essensielt for å kommunisere godt og gjennom det å tileigne seg, uttrykkje og diskutere fag. Gjennom tekstane ein produserer, formidlar ein samstundes ikkje

berre utsegner om verda og om faget, men ein gjev òg uttrykk for seg sjølv. Språk er slik knytt til sjølvframstilling og identitet. For at både bokmål og nynorsk skal kunne bli del av den faglege identiteten, må begge desse målformene vere synlege ved institusjonane. I dag er dessverre nynorsk i for liten grad synleg i tekstane til mange av universiteta og høgskolane, til dømes i nettpresentasjonar, rapportar, utlysingstekstar, studieplanar, støtteark til førelesningar og liknande. For å auke bruken av nynorsk kan ein aktivt velje lærebøker på nynorsk når slike er tilgjengelege, noko som igjen vil kunne stimulere fleire studentar til å nytte nynorsk som målform. Institusjonelle målsetjingar om nynorskdøl på meir enn 25 % i administrative tekstar kan vere eit aktuell språkstrategisk verkemiddel. For å utvikle både den aktive og den passive kompetansen i nynorsk ved institusjonane er det viktig at minimumskravet også gjeld interne sakspapir.

Ein kan òg tenkje seg at likestillinga mellom nynorsk og bokmål i ein del tilhøve kunne vore annleis organisert enn i dag. Mellom anna kan ein setje spørsmålsteikn ved om det er føremålstenleg og god ressursutnytting at alle oppgåvesett skal liggje føre på begge målformer. Alternativt kunne det vore ei 50/50-fordeling av eksamenssetta innanfor den einskilde institusjonen eller det einskilde faget, eller ein kunne nytta ei av målformene kvart semester, noko som totalt sett ville gjeve jamstilling. På dette punktet ligg det samstundes klare overordna politiske føringar, heimla i lova om målbruk i offentleg teneste. Val av målform dreier seg både om ein individuell rett for studentane og ei plikt for institusjonane. Ulike alternativ for å nå målet om jamstilling kan prøvast ut i den grad det er innanfor gjeldande lovverk og i tråd med overordna politiske målsetjingar. Dei enklare ordningane skal ikkje undergrave intensjonen om reell jamstilling.

Tilrådingar

- ♣ På høgskolane og universiteta bør begge dei norske målformene vere tydeleg synlege gjennom dei skriftlege tekstane i ulike kanalar og presentasjonsformer. Minst 25 % av dei skriftlege tekstane på dei ulike administrasjonsområda internt og eksternt bør vere på den målforma institusjonen nyttar minst.
- ♣ Alternative organiseringsformer for å nå målet om jamstilling mellom dei norske målformene kan prøvast ut i den grad det er i tråd med intensjonen om reell jamstilling mellom målformene.

7 Avslutning

I utforminga av ein språkpolitisk strategi vil tilhøvet mellom norsk og engelsk vere den mest tydelege utfordringa. Ein må heile tida balansere det kulturpolitiske ansvaret for eit godt norsk fagspråk opp mot det å vere aktive deltakarar i det internasjonale vitskapssamfunnet. Ein treng både eit nasjonalt fagspråk og eit internasjonalt fagspråk, og institusjonane må fremje ei funksjonell og føremålstenleg utvikling av begge. På denne måten er *parallellspråklegheit* den overordna strategien, og det som blir tilrådd sett i verk gjennom konkrete tiltak på ulike nivå og ulike felt. Det er viktig at studentar blir lærte opp i norsk fagterminologi og til å kommunisere og diskutere fag på morsmålet. Samstundes er det like viktig at særleg ph.d.-studentane blir lærte opp til å vere aktive deltakarar i det internasjonale forskarsamfunnet. Derfor er kommunikasjon og parallellspråklegheit både i undervisning og forskning viktig.

Mange ser i dag engelsk som eit trugsmål mot norsk språk. Det er viktig å framheve at det er ikkje engelsk i seg sjølv som er problemet, men det trugsmålet som det monokulturelle representerer. Dersom engelsk blir det einerådande språket, blir det kulturelle mangfaldet svekt. Ikkje lenger å ha tilgang til andre internasjonale språk, som t.d. tysk og fransk, inneber òg at ei tankeverd blir vanskelegare tilgjengeleg. Det er nødvendig at ein møter andre kulturar og forståingsmåtar enn dei angloamerikanske, og det er såleis nødvendig at ein møter andre fremmensspråk.

Utvikling av ein språkpolitisk strategi er noko som vedkjem alle som kjem i kontakt med dei høgare utdanningsinstitusjonane, deriblant norske så vel som utanlandske studentar og forskarar, fagfellar i inn- og utland og ikkje minst allmennheita. Gjennom denne rapporten har det blitt løfta fram og peikt på ein del av dei konkrete språkpolitiske utfordringane. Det viktigaste trinnet i det språkpolitiske strategiarbeidet ligg likevel ikkje i denne rapporten, men i det neste steget: Korleis dei einskilte institusjonane og fagmiljøa i praksis tar tak i og arbeider med dei språkpolitiske utfordringane.

8 Eit utval relevant litteratur

Faglege publikasjonar

- Ammon, Ulrich (red.) 2001: *The Dominance of English as a Language of Science: Effects on other languages and language communities*. Berlin: de Gruyter.
- Ljosland, Ragnhild 2003: *Engelsk som akademisk språk i Norge. En domenetapsstudie*. Upublisert hovudfagsoppgave i nordisk språkvitenskap. Trondheim: NTNU.
- Ljosland, Ragnhild 2005: "Anglifisering eller flerspråklighet?" i *Forskerforum 10/2005*.
- Helleskjær, Glenn Ole 2002: "An Exploratory Survey of Content Learning through English at Scandinavian Universities" i Aud Marit Christensen (red.): *Teaching and Learning Foreign Languages: Issues and Ideas*. Universitetet i Oslo.
- Hertzberg, Frøydis 1996: "Hvilken faglig og pedagogisk betydning har lærebøker på norsk i universitets- og høyskolestudier?" i *Maal og Minne 1996, 95-102*
- Simonsen, Dag Finn (red.) 2004: *Språk i kunnskapssamfunnet: engelsk – elitenes nye latin?* Oslo: Gyldendal akademisk.
- Språknytt 2/2006*
- Trudgill, Peter 1991: "Language maintenance and language shift: preservation versus extinction." i *International Journal of Applied Linguistics 1*, 61-69.
- Teleman, Ulf og Margaret Westman 1997: "Behöver vi en nationall språkpolitik?" i *Språkvård 2/97, 5-16*

Rapportar og undersøkingar

- Hvem tar ansvaret for fagterminologien?* Rapport fra en strategikonferanse om terminologi og fagspråk i Norge. Oktober 2004. Oslo: Språkrådet. 2005
- Höglin, Renée 2002. *Engelska språket som hot och tillgång i Norden*. (Temanord 2002: 561.) København: Nordisk ministerrådet.
- Mål i mun - Förslag till handlingsprogram för svenska språket*. SOU 2002:27. Utbildnings- och kulturdepartementet (<http://www.regeringen.se/sb/d/108/a/1443>)
- Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi*. Språkrådet. 2005 <http://www.sprakrad.no/templates/Page.aspx?id=7962>
- Plan for styrking av norsk språk perioden 2001-2003*. Oslo: Norsk språkråd.
- Snart to hundre. Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliseringens tidsalder*. Innstilling fra Utvalget for språkpolitikk ved UiO 27. mars 2006. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sprogpolitik på de danske universiteter. Rapport med anbefalinger*. København 2003 <http://www.rks.dk/sider/internationalt/Sprogpol.pdf>
- Professionalization of academic teaching: English-language teaching and quality assurance*. Rijksuniversiteit Groningen 2004.

- Sandøy, H., E. Brunstad, J.E. Hagen og K. Tenfjord (red.) 2004. *Den fleirspråklege utfordringa*. Oslo: Novus.
- Sprog på spil: et udspil til en dansk sprogpolitik*. København: Kulturministeriet, 2003.
- Schwach, Vera 2004. *Norsk vitenskap – på språklig bortebane? Et pilotprosjekt om språkbruk blant fagsamfunnet av forskere i Norge*. Oslo: Norsk institutt for studier av forskning og utdanning.
- Tandefelt, Marika 2003. *Tänk om ... Svenska språknämndens förslag till handlingsprogram för svenskan i Finland*. Helsingfors: Forskningscentralen för de inhemska språken.

Kronikkar, kommentarar o.l.

- Bjerck Hagen, Erik og Kjersti Bale: "Norsk bort fra universitetene". *Aftenposten* 3.12.2005
- Brock-Utne, Birgit: "Avviklingen av norsk fagspråk". *Aftenposten* 19.11.2005
- Brock-Utne, Birgit: "Forskning på norsk belønnes ikke". *Aftenposten* 11.1.2006
- Brock-Utne, Birgit: "Universitetenes diskriminering av norsk som fagspråk". *Språknytt* 1/2006.
- Edland, Åsulv: "Skal engelsk bli Nordens språk?" *Aftenposten* 13.12.2005
- Føllesdal, Dagfinn: "Det er forskning som belønnes". *Aftenposten* 8.1.2006
- Forr, Gudleiv: "Global språkstrid". *Aftenposten* 27.10.2005
- Foss, Arne: "Fag er språk". *Dagbladet* 04.12.2005
- Gjølberg, Ole og Gunnar Sivertsen: "Til forsvar for forskningen". *Aftenposten* 18.05.2006
- Gulbrandsen, Pål, Torben V. Schroeder, Josef Milerad og Magne Nylenna i *Ugeskrift for Læger* 17.2.2003
- Kolstø, Anne-Brit og Gunnar Sivertsen: "Forskning på norsk belønnes." *Aftenposten* 30.12.2005
- Kristoffersen, Gjert: "Norsk fagspråk sikres". *Aftenposten* 9.1.2006
- Kristoffersen, Gjert: "Vil norsk fagspråk forsvinne?" *Aftenposten* 28.11.2005
- Mæhlum, Brit: "Engelsk eller norsk?" i *Samtiden* 4/2002
- Nesse, Agnete: "English for you, too." *Nordlandsposten* 16.2.2000, s. 15
- Simonsen, Dag Finn: "Behov for en samlet, men differensiert språkpolitikk" i *Forskerforum* 2/2006
- Wiggen, Geirr 1997: "Ei verdserklæring om språklege rettar." i *Syn og Segn*, 103, 80-92